

## 1 **Auka matproduksjon med auka verdiskaping i beitenæringa!**

2 Beitenæringa er ei næring i tilbakegang; det er færre og færre dyr på utmarksbeite i Noreg.  
3 Utmarka gror att, eller byggast ned til rekreasjons- og hytteområde. Denne utviklinga må  
4 snuast!

5 Utmarka er ein viktig del av norsk totalberedskap, og viktig for eit bærekraftig landbruk. Det  
6 er store areal der ein kan drive matproduksjon på, i tillegg til våre 3% med dyrka mark.  
7 Utmarksressursane kan gjeve auka sjølvforsyningsgrad. I fylgje tal frå NIBIO vert det hausta  
8 verdiar for om lag 1 milliard kroner årleg, dette er gratis fôrressursar som ikkje kan nyttast til  
9 andre føremål. Skal ein få fleire dyr ut på beite i utmarka lyt ein stimulere til det økonomisk.  
10 Styrka økonomi i beitenæringa kan også auke verdiskapinga i landbruket.

11 Med færre dyr på utmarksbeite og fleire hytter aukar konfliktnivået - der hytter er bygd i  
12 beiteområde. Dei beste beiteområda ligg typisk i solfylte lier, som også er attraktive hyttefelt.  
13 Når det byggast hytter i desse områda, endar ein ofte opp med at beitedyra trekk inn til  
14 områda rundt hyttane, fordi dei omkringliggende areala gror att. Mindre areal til beite fører til  
15 beitepress, og konflikt mellom hytteeigarar og bønder. Å forhindre at hyttefelt byggas i dei  
16 beste beiteområda vil vere et viktig konfliktdepande tiltak. Ein viktig del av dette vil vere og  
17 kartlegge beiteverdien i utmarka, dette gjer NIBIO i dag. Slik kan ein drive aktiv  
18 arealforvaltning, og jordvern i utmarka - ved og ikkje bygge ned område med særst høg  
19 beiteverdi.

20 Ved å leggje beitekartleggingar til grunn før bygging av nye hytter, og gjennom  
21 konfliktdepande tiltak mellom beitenæring og hytteeigarar vil ein kunne unngå store  
22 konflikter mellom interessegrupper. Samstundes med satsing på auka verdiskaping i  
23 beitenæringa kan ein sikre auka sjølvforsyningsgrad, og meir matproduksjon på norske  
24 ressursar.

25

### 26 **Senterungdommen vil:**

- 27 ● Alle landets beiteområde skal kartleggast, slik NIBIO gjer i dag, for å få ei oversikt  
28 over verdiane i utmarka.
- 29 ● Beitekartleggingar skal foreligge ved utgreiing av hyttefelt, kvaliteten på utmarka skal  
30 vege tungt i avgjersla om utbygging.
- 31 ● Stimulere til konfliktdepande tiltak i eksisterande hytteområde, gjennom oppdaterte  
32 beitebruksplanar i kommunen og aktiv informasjon om beitedyr i hytteområde
- 33 ● Auke potten for RMP-midlar, for å minkse kostnadar knytt til beitebruk, samt å  
34 stimulere til organisering i beitelag
- 35 ● Bevilge midlar til forskning på beiting, og beiteteknologi. I tillegg auke tilskotet til  
36 digitale løysingar som NoFence, radiobjøller og seterrobot

37

38 Resolusjon frå Ås Senterstudenter, Oppland SUL, Sogn & Fjordane SUL, Hordaland SUL og  
39 Trøndelag SUL